



«Best i klassen» lèt unge talent i Os og Fusa visa deg sin aktivitet. Først ut er bridge-talentet Thea Hove Hauge (15) frå Os.



Ein bridgespelar må halda tunga beint i munnen. Meldekorta i den raude meldeboksen gjer snakking overflødig.



Pappa Bjørn Hauge og Thea Hove Hauge er faste makkerar og har spela saman sidan Thea var 10. Ved sida av sit Hilde Anita Larsen og Tarjei Vedå Vangdal i Bergen Akademiske Bridgeklubb.



Ein osing i landslagsdrakt er ikkje eit daglegdags syn. (Foto: Vicky Chediak/NBF)

Med gode kort på handa

Magnus Carlsen har gjort sjakk kult. Kan Thea Hove Hauge (15) gjera det same for bridge?

Anne Marie Aarøen Vangsnes
anne-marie@osogfusa.no

– Kvifor spelte du det kortet, Thea? Bjørn Hauge nyttar pausen i Os Bridgeklubbs turnering mot Bergen Akademiske Bridgeklubb, til å korrigerer eit uehellig trekk frå dotter og makker Thea Hove Hauge. Ho vedgår at ho kunne ha spelt korta sine betre denne omgangen.

Det er måndag kveld og stinn brakke i Os Eldresenter der bridgeklubben held hus. Fire og fire sit rundt borda. Dei har 13 kort på handa, ein raud meldeboks på sida og kanskje eit litt mystisk uttrykk i andletet? Sjølv om medlemmene i bridgeklubben er frå 12 til 80 år gamle, er det dei godt vaksne som domi-

nerer lokalet.

Bridgens svar på Magnus Carlsen?

Eit av få unntak er 15 år gamle Thea Hove Hauge som tidlegare i år vart teken ut til juniorlandslaget for jenter. Med eit vakkert andlet, lysegule converse og dongeri frå topp til tå, gjev ho det tilårskomme bridgespelet ein sårt tiltrengd ungdomleg image.

– Kan du gjera for bridge det Magnus Carlsen har gjort for sjakk?

– Eh...kva skal eg svara på det? Ho verkar litt oppgitt over spørsmålet. Thea vil verken skryta av egne prestasjonar eller talent. Den litt stille jenta passar med andre ord godt i eit spel der tausheit er ein dyd. Så

stille skal det faktisk vera, at bridgespelarar til og med legg grøne “pass”-kort i bordet, heller enn å seia ordet høgt.

1800-talets Russland

Bridge kjem av det russiske kortspelet “biritch” som betyr “russisk whist”. Avleggaren til det britiske whist-spelet vart utvikla på 1800-talet før det vart anglifisert og eksportert attende som “bridge”. I dag tel det internasjonale bridgeforbundet om lag 700.000 medlemmer. 10.000 av desse er norske. I tillegg kjem alle som ikkje er organiserte.

– Det ser ganske komplisert ut?
– Tja, det er ikkje så vanskeleg å lære seg reglane, men det tek tid å bli god, forklarar Thea. Sjølv byrja ho som 10-åring saman med ein langt meir erfaren pappa. Sidan då har dei spelt meir eller mindre fast ilag.

Bruker mykje tid med pappa

– Ikkje mange 15 år gamle jenter bruker så mykje tid på ein aktivitet ilag med far sin og så mange vaksne folk?

– Kanskje ikkje, men bridge er veldig kjekt og eg trivst veldig godt i dette mil-

jøet.

Pappa Bjørn fortel at av fire born, er Thea den einaste som har vist interesse for spelet.

– Eg er kjempestolt av henne. Det er suverent at ho er med, men ho må villa det sjølv. Det skal vera moro og ikkje noko ho kjenner seg pressa til, seier han.

Datamaskin fordeler korta

Thea og Bjørn hentar ein raud boks med 52 kort fordelt i fire bunkar: ein til kvar spelar, eller nord, syr, aust og vest som det heiter på bridgespråket. Før spelet tek til, har ei datamaskin stokka og fordelt korta. Etter ein runde vert korta lagt attende før dei vandrar vidare til neste bord. Med andre ord skal alle laga spela gjennom dei same korta. Den som sit att med høgast poengsum når kvelden er omme, vinn. Forvirra?

Bridge minner om ein komplisert versjon av amerikanar. Der som her, melder spelarane kor mange stikk dei har tru på før dei i kompaniskap med ein annan spelar for å oppnå det varsle resultatet.

– Det er viktig å memorera godt og spela taktisk, forklarar Thea. Ho er

usikker på om alder betyr noko, men legg til at erfaring er viktig.

– Nybyrjarane må tola å få juling og gjera feil. Ein lærer ingenting om ein ikkje toler å vera dårleg, seier Bjørn.

– Thea er teken ut til jentelandslaget, trur du det finst ein skilnad på gitar og jenter i dette gamet?

– Jentehjernen fungerer i alle fall like godt, smiler han lurt.

Sosialt midt i all galskapen

Støynivået går frå relativt høgt til heilt tyst i løpet av eit par sekund. Koseprat lyt ein venta med til pausen. Når spelet er i gang, skal det vera stille. Men både Thea og Bjørn påstår bestemt at bridgekveldane er “sosiale midt i all galskapen”.

– Vi har mykje meir humor enn vi gjev uttrykk for. Det hender rett som det er at vi brøler ut i latter, seier han.

Sosialt eller ikkje: Thea står heilt utan makkerar på eigen alder i Os.

– Kunne klassekameratane dine tenkt seg å bli med, trur du?

– Folk er jo litt nysgjerrige på kva dette er for noko, men det er ingen som har hatt lyst til å byrja så langt, i alle fall.



Thea, nummer to frå høgre, i aksjon under Nordisk Mesterskap på Hamar i påska som enda med eit knipe tap i finalen. (Foto: Vicky Chediak/NBF)

OS BRIDGEKLUBB

Stifta mai 1940.
Leiar: Anne Merete Skorpen Heggland. Om lag 40 medlemmer i alderen 12–80 år.
Spelar kvar måndag frå august til mai i Os Eldresenter.
Tilslutta Norsk Bridgeforbund.
Heimeside: www.osbk.no

BRIDGE FOR DUMMIES

Bridge er eit kortspel for fire personar. Dei to som sit overfor kvarandre er på lag (eit par).

Det blir spelt med ein vanleg kortstokk, og kvar spelar får utdelt 13 kort.

Spelet består av to delar, først meldingar som føregår som ein auksjon og deretter sjølv spelet.

Meldingane avgjev kva farge som skal vera trumf, eller at spelet skal spelast utan trumf (grand).

Spelet liknar amerikanar og whist.



Thea vil verken skryta av egne prestasjonar eller talent. Den litt stille jenta passar med andre ord godt i eit spel der tausheit er ein dyd.